



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
17/187696-28

Dykkar referanse:

Vår dato:  
24.06.2019

### Svar på mellombels avkøyring frå Fv 409 til gnr. 24, bnr. 66 i Radøy kommune

Vi viser til Dykkar brev av 08.06.2019 og vårt svar i brev av 18.06.2019 der vi ber om fleire opplysningar før vi kan gje uttale i saka.

Vi har i dag vorte kontakta av entreprenør Ronald Hesvik som er kome med nye opplysningar om mellombels avkøyring til utbyggingsområdet. Etter det vi kan vurdere er det aktuelt å bruke eksisterande avkøyring på vestsida av fylkesveg 409 til eigedomen gnr. 24, bnr. 22 som mellombels anleggsavkøyring i tidsrommet frå 01.07.2019 til 01.12.2012. Det er vidare opplyst at det ikkje er aktuelt å bruke eksisterande avkøyring på austsida til riggområde som er vist i kartutsnittet i vårt brev av 18.06.2019.

Grunnen til søknad om mellombels avkøyring via eksisterande avkøyring til eigedomen gnr. 24, bnr. 22 er grunngeve ut frå trafikktryggleik. Ved å nytte denne mellombels avkøyringa vil ein redusere trafikken gjennom bustadområde på Nordbø.

Statens vegvesen har vurdert løysinga med mellombels anleggsavkøyring i perioden frå 01.07.2019 – 01.12.2012 som ei god og trafiksikker løysing som vil redusere konflikt med mjuke trafikantar i området og vil derfor tilrå at det kan gjevast løyve/dispensasjon for denne mellombels anleggsavkøyringa slik det er søkt om.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
Seksjonsleiar

Odd Høydalsvik

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN